



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dato: 18.01.2022
Vår ref: 18/02567-14
Deres ref:

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av interkommunal kystzoneplan for Søre Sunnmøre - Hareid kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 29. november 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 9 og 11-14 har kommunane vedteke å legge forslag til interkommunal kystzoneplan ut til offentleg ettersyn. Plandokumenta er identiske for alle kommunane med unntak av plankartet.

Planen er ein del av kommunane sitt overordna styringsdokument som gir rammer for utviklinga av sjøareala på Ytre Søre Sunnmøre og skal fungere som ein informasjons- og planleggingskjelde for kommunane innbyggjarar, folkevalde og administrasjon i kommunane, for organisasjonar, samt næringsliv og sentrale forvaltningsorgan med fleire.

Fråsegn frå DMF

Kystzoneplanen omfatta sjøareal, og rører difor ikkje direkte ved DMF sitt sektoransvar. Det er likevel behov for å ta omsyn til bruk av sjøen som transportveg for viktige mineralske ressursar.

DMF oppmoda i brev av 31.07.2018 om at omsynet til mineralske førekomstar i kystnære strøk blir omtala i plandokumenta fordi minerala kan bli frakta og eksportert sjøvegen. I kommentar til fråsegn frå DMF skal ikkje, ifølgje Kystverket, kommunane sei noko om sjøtrafikk med mindre det skal avsettast framtidig arealbehov for skipstrafikk til eit nytt industriområde/hamn i sjø, og at det er ikkje meldt inn slike behov.



Kystsoneplanen er utforma etter plan- og bygningslova kapittel 9 om interkommunalt plansamarbeid, og er på lik linje bindande for framtidig arealbruk som ein kommuneplan.¹ Unntak frå planen kan berre gjerast når det føreligg eit grunnlag for å dispensere.² Det må difor gjerast ei vurdering av om dei avsette areala i kystsoneplanen vil påverke frakt eller utnytting av mineralressursar på nokon måte. DMF kan ikkje sjå at det er vurdert om uttak i drift eller førekomstar med mineralressursar i kommunen vert påverka av arealbruken i kystsoneplanen, anten direkte eller indirekte. Dette gjeld spesielt for mogelegheita for utskiping av mineralske ressursar frå Risneset. DMF har difor ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om arealbruken i kystsoneplanen er strid i mot nokon av våre fagområde. Forhaldet til mineralressursar må utgreiast av kommunane og kome tydeleg fram av plandokumenta.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Gabriella Fure Briceno
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno

Mottakarar:

Hareid kommune

Rådhusplassen 5

6060 HAREID

Kopi til:

¹ Jf. plan- og bygningslova §§ 9-3, 11-6

² Jf. plan- og bygningslova § 19-2